



Landbruksdirektoratet

Referanser:  
Dykkar: 19/27640  
Vår: 19/1762 - 19/16021

Saksbehandlar:  
Hege Eeg  
hege.eeg@osteroy.kommune.no

Dato:  
13.09.2019

## Høringsuttale - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

Osterøy kommune har gått gjennom høyringsforslaget.

Kommunen har ca. 8100 innbyggjarar. Vi ser at overføringa av ansvar vil medføre ekstra arbeid, som vi ikkje har kapasitet til. Det framgår av forslaget at det vil krevje ekstra kapasitet og kompetanse hos kommunane. Det er to tilsette i 100 % stilling på landbruksområdet og dei har inga ledig kapasitet. Vi berekner arbeidsomfanget til eitt månadsverk. Det er ikkje økonomisk spelrom til å auke kapasiteten. Det er ein stor jobb å få eigarane til å engasjere seg til å søkje om midlar/prosjekt og til å gjennomføre desse.

Havråtunet er meir komplisert og omfattande å følgje opp da det er mange tema, bygningar, biologisk mangfold og mange eigarar. Dette vil samla sett gi Osterøy kommunen ein forholdsmessig større belastning enn dei andre kommunane.

Vi har heller ikkje den naudsynte kompetansen og er avhengige av kompetansen hos Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune. Viss ansvar skal overførast, må det leggjast til rette for kompetanseheving i kommunane. Vi kan ikkje sjå at det står noko i høyringsnotatet om det. Kompetanseheving er viktig for å kunne følgje opp dei utvalde kulturlandskapene.

Osterøy kommune ber om at forslaget ikkje gjennomførast.

Med helsing

Hege Eeg  
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Kopi til:**  
Lars Johan Fjelde